

## **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 27.04.2021**

**Alexander Fosse Andersen, SP**, sette på vegner av SP, A, KrF, SV, MDG, H, FrP, R og FNB fram slikt tilleggsforslag:

«Nytt punkt 4

Hovudutval for opplæring og kompetanse meiner ordninga med landslinjer bidreg til eit mangfaldig opplæringstilbod for elevar i Vestland og elles i landet. Hovudutvalet ynskjer likevel meir informasjon om finansieringsordninga for landslinjene og korleis nye landslinjetilbod påverkar fylkesøkonomien og ber administrasjonen orientere eller leggje fram eit notat om dette i utvalet.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune støttar Trøndelag fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 flyfag, vg3 avionikarfaget og vg3 flytekniske fag.
2. Vestland fylkeskommune støttar Nordland fylkeskommune sin søknad om oppretting av vg2 dronefag, vg3 dronefag (lærefag)
3. Vestland fylkeskommune støttar Troms og Finnmark fylkeskommune sin søknad om utviding av elevtalet frå 12 til 14 plassar på vg2 flyfag, vg3 flytekniske fag og vg3 aviokinarfaget ved Bardufoss vgs.
4. Vestland fylkeskommune meiner ordninga med landslinjer bidreg til eit mangfaldig opplæringstilbod for elevar i Vestland og elles i landet. Hovudutvalet ynskjer likevel meir informasjon om finansieringsordninga for landslinjene og korleis nye landslinjetilbod påverkar fylkesøkonomien og ber administrasjonen orientere eller leggje fram eit notat om dette i utvalet.